



Tilsynsutvalet i Vestland -for Hardangervidda nasjonalpark

Dykkar ref.

Vår ref.

Arkiv:

Dato

20/1307-6 /agny/20/29861

FA-K01

02.11.2020

Retningslinjer for motorisert ferdsel i nasjonalparken - vintersesongane 2021 - 2024

Tilsynsutvalet i Vestland tildeler motorferdselløyver etter fylgjande punkt for vintersesongane 2021 - 2024:

- Transport av båt i samband med garnfiske, over 50 garndøgn, får inntil 2 turar/retur, jfr.pkt. 4.6.3.2.b.
- Turisthyttedrift får antal turar basert på tidlegare rapportert årleg bruk, jfr. pkt. 4.6.3.3.a og b. Desse kan få fleirårsløyver.
- Transport av varer og utstyr til beitebruk får inntil 2 turar/retur årleg, jfr. pkt. 4.6.3.4.b. Desse kan få fleirårsløyver.
- Byggjeløyve får køyrebok i godkjent byggjeperiode, jfr. pkt. 4.6.3.5.a. Desse kan få fleirårsløyver.
- Eigar eller leigetakar av hytter og buer på privat grunn eller statsallmenning får inntil 3 turar/retur årleg til material, brense og liknande. Det må leggjast vekt på ant. kg og kva som skal transporterast, jfr.pkt. 4.6.3.5.a. Desse kan få fleirårsløyver.
- Hytter og buer med fleire eigarar; kvar av eigarane får inntil 2 turar/retur kvar til material, brense og lignende. Det må leggjast vekt på ant. kg og kva som skal transporterast, jfr.pkt. 4.6.3.5.a. Desse kan få fleirårsløyver.
- Transport av gamle og uføre som er særleg tilknytta nasjonalparkområdet får inntil 3 turar/retur, jfr.pkt. 4.6.3.5.d.
- Ettersyn og kontroll i samband med el-forsyning og teletenester, snømålingar og vedlikehald på damanlegg får køyrebok, jfr.pkt. 4.6.3.5.e. Desse kan få fleirårsløyver.

Endring av registreringsnummer på køyrety må meldast til Tilsynsutvalet i Vestland.

Løyve til transport vert normalt gitt til eigar av hytta. Dersom leigetakar søker om transportløyve, må han dokumentere at eigar fråskriv seg denne retten til transportløyve.

Endring av eigar/leigeforhold må meldast til Tilsynsutvalet i Vestland.

All transport til stølen Gryting skal ha utgangspunkt på Garen. Dette for å hindre unødig lang køyring i nasjonalparken, som det vil medføra om turen startar på Røte.

Vintertransport med utgangspunkt frå Garen for eigarar av stølshus og hytter i Krokane, Vedal, Busete, Vassdalen, Erdalstølen og Gryting, samt dei med godkjent ervervsløyve i Eidfjord kommune, får eige brev med løyve til å køyre innom Hardangervidda nasjonalpark i Vivelid ved kryssing av Veig/Vivo.

Søknadar som ikkje er "kurante", og ikkje inngår under overnemnde punkt, vert lagt fram for Tilsynsutvalet i Vestland i møte, eller i hastesaker avgjort av leiar og lagt fram som melding i neste møte.

Transporten kan utførast i tidsrommet 01.12. – t.o.m. 1. sundag etter 1. mai.
Køyreløyve kan på kort varsel verta inndrege midlertidig dersom det er villrein i det aktuelle området. Det er mest aktuelt etter påske, og ein oppmodar difor brukarane til å gjera seg mest mogeleg ferdig med planlagte transportar før påsken er ferdig.

All tilbakerapportering skal skje etter kvar sesong til Tilsynsutvalet i Vestland.

Helsing
Anne Gerd Nysveen
sakshandsamar
Tilsynsutvalet i Vestland for Hardangervidda nasjonalpark

Dette dokumentet er godkjend elektronisk og har difor ikkje signatur.